



Ronya saman med dirigent Lars Erik ter Jung (Foto:Kristian Olav Bringedal)

**I går fekk Ronya Lakselv frå Uskedalen spela i Sunnhordland Kammerorkester.**

Det var på ein konsert i Kulturhuset Husnes der strykeelevar i kulturskulen fekk vera gjester. Saman med orkesteret framførte dei mellom anna ein polka og Anita Hewitt-Jones sin Ragtime. Sunnhordland Kammerorkester spelar kammermusikk på høgt nivå. Kammerorkesteret skal vera eit tilbod til vidarekomne elevar i kulturskulane i regionen og for musikklinja ved Stord vidaregåande skule.

I orkesteret finn vi ungdomar, vaksne, amatørar og profesjonelle musikarar frå Sunnhordland. Frå 1998 og fram til i dag har Lars-Erik ter Jung vore fast dirigent.

ter Jung har svinga taktstokken i mange kjende symfoniorkester i inn- og utland. I 12 år var han konsertmeister i Bergen Filharmoniske Orkester. Han er no tilsett som dirigent for Kristiansund Symfoniorkester. Ronya har vore fiolinelev i Kvinnherad kulturskule i to år. Læraren hennar er Olena Pasichnyk.

Elles merka vi oss eit kjend andlet mellom dei faste strykarane i orkesteret, nemleg Tiril Einarsdottir. Ho har ved fleire høve hatt framføringar saman med Røysterett for alle i Uskedalen.

Av Kristian Olav Bringedal